


# GODE RUTINAR - TRYGG MAT FOR BARNA

## Vask hendene før du lagar

og et mat, mellom handtering av ulike råvarer og etter bleieskift og dobesøk.



## Hald dei andre friske! Vi er

smitteberarar inntil 48timar etter at sjukdomsteikna er over ved akutt oppkast- og diaré sjukdommar. Hald deg og barna lenge nok heime når det har vore slik sjukdom.



## Bleieskift og dobesøk er

situasjonar der det er lett å forureine hender og klede.

## Bruk forkle når du lagar mat og

vern kledda mot eventuelt søl ved bleieskift.

## Reinhald og vedlikehald er viktig.

Glatte, heile og jamne flater er lette å gjere reine.

## Mat på tur er godt! Tenk over korleis

vi skal halde hendene reine der vatn og såpe manglar. Ved å bruk e våtserviettar og sprit kan ein ivareta handhygienen på tur.

## “Nevling” og plukking i maten kan

lett hende. Legg godt til rette for å unngå at maten blir forureina av ureine hender. Legg ut små porsjonar med maten om gongen. Lær ungane å forsyne seg med mat med bestikk.



## Kontakt med dyr er positivt og bra

for barna! Hugs at det er viktig med god handhygiene på grunn av smitterisiko frå husdyr og fuglar.



Kompetanse og motivasjon er viktig når mange arbeider med mat i same verksemd. Set hygiene i fokus i kvardagen!